



NORDDAL KOMMUNE

ÅRSMELDING 2018



Foto: Kristi Linge Stakkestad

Innhold

| | |
|---|----|
| Rådmannen sine kommentarar | 3 |
| Innleiring | 3 |
| Hovudutfordringar og mogelegheiter framover | 5 |
| Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal | 6 |
| Måloppnåing..... | 6 |
| Folketal..... | 6 |
| Økonomiske nøkkeltal og analysar | 7 |
| Driftsrekneskapen 2018 –hovudtal..... | 8 |
| Investeringar 2018 | 9 |
| Balanserekneskapen | 9 |
| Sentraladministrasjon | 10 |
| Økonomiske resultat rådmann..... | 10 |
| Fellestenestene | 10 |
| Årsverk fellestestene..... | 11 |
| Økonomiske resultat fellestestene | 14 |
| Utfordringar i tida som kjem | 14 |
| Skule, barnehage, kultur og barnevern | 15 |
| Årsverk | 18 |
| * Auka årsverk grunna spesialpedagogisk undervisning og meir vaksenopplæring | 18 |
| Økonomiske resultat..... | 18 |
| Utfordringar i tida som kjem | 19 |
| Helse og Omsorg | 20 |
| Årsverk og økonomiske resultat..... | 21 |
| Utfordringar i tida som kjem..... | 22 |
| Teknisk, næring og miljø | 23 |
| Mål for eit samla TNM | 23 |
| Utfordringar i tida som kjem..... | 24 |
| Årsverk..... | 25 |
| Økonomiske resultat..... | 26 |
| Utfordringar i dei nærmaste åra for eit samla TNM..... | 27 |
| Kommunestyret - saker i 2018 | 28 |

Rådmannen sine kommentarar



Elevar frå Valldal skule på tur på badestranda

Innleiing

2018 har vore eit svært aktivt år for alle tilsette i Norddal kommune. Det er krevjande for organisasjonen å drifte ei kommune samstundes som ein skal byggje ei ny.

Norddal kommune var gjennom store administrative endringar i overgangen 2017 og 2018. På kort tid, måtte ein erstatte rådmann, assisterande rådmann, økonomisjef og personalsjef. For å raskt kunne etablere ein ny organisasjon, fikk rådmann mandat til å gå tilbake til flat struktur, noko som medførte bortfall av kommunalsjefnivået. Organiseringa ein har i dag, er å sjå på som ei mellombels løysing inntil organiseringa og bemanninga av Fjord kommune er på plass. Personalsjef og ny økonomisjef vart tilsett rundt nyttår.

At det administrative leiarnivået er så kraftig redusert, medfører stor slitasje på dei tilsette, og fører til at ein ikkje har handlingsrom til omfattande utviklingsarbeid.

Kommuneøkonomi

Norddal kommune er ikkje i mål med den omstillingsprosessen som er nødvendig, og drifta går med betydeleg meirforbruk. Prosessen med nedbemanning for å balansere utgifter og inntekter, vart stansa med politisk vedtak i 2017.

Sjølv om driftseiningane viser god budsjettdisiplin, er driftsutgiftene for høge i høve til budsjett. Det kan sjå ut til at omstillingsbehovet er større enn det som var berekna tidlegare.

Arbeidsmiljø:

Arbeidsmiljøutvalet har i 2018 etablert betre rutinar enn tidlegare, og ein har hatt fokus på å følgje opp HMS-arbeidet og implementere *Personalhandbok for internkontroll*. Rådmannen er svært tilfreds med at ein har lukkast med å etablere eit godt samspel med dei tilsette, og tilbakemeldingar frå dei tilsette er at vi no har klart å utvikle eit godt arbeidsmiljø.

Likestilling og Diskriminering

Norddal kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå vert verdsatt. Alle brukarane og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld forhold der kommunen møter leverandører, kunde, konkurrent, nabo eller andre aktørar.

Norddal kommune har som resten av landet størst del kvinnelege arbeidstakrarar. Kvinneandelen er på 72 %. Den lågaste andelen menn finn ein på skule, barnehage og helse og omsorg. Størst del menn på teknisk og i stab. Ein ønskjer ei utjamning, men dette skal ikkje gå utover best kvalifisert prinsippet på søkerane eller tilsette som allereie jobbar i kommunen.

Kommunereform:

Arbeidet med kommunesamanslåinga tek ein stor del av kommunen sitt arbeid, og stadig fleire av dei tilsette tek del i alt arbeidet som må gjerast for etablering av Fjord kommune.

Rådmannen opplever fortsatt glød og inspirasjon frå dei tilsette i arbeidet med bygginga av Fjord kommune. Dette vil vere med på å utvikle ein sunn organisasjon med fokus på utvikling av kvalitativt gode tenester.



Pensjonistlaget på hyggeleg samling i Stordal

Hovudutfordringar og mogelegheiter framover

Hovudutfordringane er som tidlegare økonomi, nedgang i folketal, høgt sjukefråvær i deler av organisasjonen, nærings-/ samfunnsutvikling, rekruttering av nødvendig kompetanse og alderssamansetning i befolkninga. Dimensjonering av tenestene og tenestestruktur må tilpassast desse utfordringane.

Om lag 85 tilsette i Norddal kommune er over 60 år. Det betyr at vi må erstatte om lag halvparten av alle tilsette i løpet av dei komande 7-8 åra. Dette vil verte ei svært utfordrande oppgåve.

Etableringa av Fjord kommune vil avhjelpe nokre av desse utfordringane, men nedgang i folketal og tilgang på kompetanse, gjer at ein fortsatt må ha spesielt fokus på næringsutvikling, samfunnsutvikling og samling av kompetansemiljø.

Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

Måloppnåing

Gjennom året har det vore prognose for meirforbruk i dei fleste sektorane. Dette kjem av høgt driftsnivå og ekstraordinære utgifter. Sjølv med sterkt fokus på økonomistyring og høgare inntekter enn budsjettet, vart det eit meirforbruk på om lag 3,2 mill i 2018.

Folketal

| Folkemengde etter grunnkrets | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | Endring 2014-19 | Endring prosent |
|------------------------------|------|------|------|------|------|------|-----------------|-----------------|
| 15240101 Muri | 340 | 325 | 326 | 338 | 341 | 334 | -6 | -1,76 % |
| 15240102 Sylte | 154 | 147 | 146 | 153 | 162 | 156 | 2 | +1,29% |
| 15240103 Uri | 140 | 143 | 149 | 147 | 142 | 137 | -3 | -2,14% |
| 15240104 Gjerde | 212 | 238 | 235 | 223 | 223 | 226 | 14 | +6,60% |
| 15240105 Alstad | 75 | 72 | 66 | 64 | 67 | 72 | -3 | -3,94% |
| 15240106 Fjørå | 161 | 154 | 155 | 148 | 149 | 151 | -10 | -6,22% |
| 15240107 Tafjord | 101 | 99 | 94 | 100 | 95 | 90 | -11 | -10,89% |
| 15240108 Dalsbygda | 145 | 146 | 150 | 151 | 148 | 133 | -12 | -8,27% |
| 15240109 Eide | 103 | 102 | 98 | 101 | 97 | 97 | -6 | -5,82% |
| 15240110 Rønneberg | 86 | 86 | 87 | 90 | 89 | 94 | 8 | +9,3% |
| 15240111 Ytterdal | 166 | 161 | 142 | 146 | 148 | 151 | -15 | -9,03% |
| 15249999 Uoppgitt grunnkrets | 2 | 3 | 4 | 2 | 9 | 4 | 2 | 0% |
| | 1685 | 1676 | 1652 | 1663 | 1670 | 1645 | -40 | -2,37% |

Årsmelding 2018



Økonomiske nøkkeltal og analysar

Frie inntekter

Rammetilskotet skal dekke ulike oppgåver som kommunane får.

Det var nedgang i skatteinntektene i 2018 i samanlikna med 2017. Eigedomskatten går fortsatt ned. Ein forventar at eigedomsskatteinntektene vil auke gradvis frå 2020 og vidare utover.

| beløp i 1000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Rammetilskot | 67 059 | 69 926 | 69 311 | 70 175 | 69 111 | 74 416 |
| Skatt på formue og inntekt og naturressursskatt | 43 840 | 43 261 | 43 658 | 45 958 | 50 740 | 48 307 |
| Eigedomsskatt | 21 925 | 21 868 | 21 012 | 20 116 | 15 710 | 13 754 |
| Konsesjonskraft | 7 294 | 7 975 | 7 149 | 3 686 | 4 623 | 6 916 |
| Andre generelle statstilskot | | | | | 20 500 | 0 |
| Sum frie inntekter | 140 118 | 143 030 | 141 130 | 139 934 | 160 684 | 143 393 |

Kraftinntekter

Norddal kommune har inntekter som er knytt til kraftproduksjon. Desse inntektene er redusert siste åra. Frå 2020 forventar ein auke i desse inntektene og då spesielt eigedomsskatten.

Konsesjonsavgifta skal nyttast til næringsutvikling i kommunen, og kan ikkje brukast til andre driftsoppgåver. Konsesjonsavgiftene vert tilført Næringsfondet og brukt i Næringsfondet i tråd med vedtak i strategisk næringsplan.

| Beløp i 1000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Konsesjonsavgifter | 2 761 | 3 055 | 3 031 | 3 031 | 3 030 | 3 045 |
| Naturressursskatt | 10 407 | 10 199 | 9 757 | 9 329 | 9 268 | 9 656 |
| Eigedomsskatt på kraftproduksjon og nett | 21 630 | 21 573 | 20 720 | 19 854 | 13 921 | 13 361 |
| Konsesjonskraft | 7 294 | 7 975 | 7 149 | 3 686 | 4 623 | 6 916 |
| Aksjeutbytte Tafjord | 3 741 | 3 806 | 1 738 | 1 240 | 1 571 | 1 782 |
| Sum frie inntekter | 45 833 | 46 608 | 42 395 | 37 140 | 32 413 | 34 760 |

Finans

Årsmelding 2018

Rentenivået er fortsatt lavt. Ein ser ein viss auke i renter i 2018 og det er signal om ytterlagare renteauke i 2019. Norddal kommune har i 2018 auka rentesikringsgraden til om lag 55% av låneporteføljen for å sikre seg mot renteauken som ein forventar kjem. Betaling av avdrag ligg i 2018 litt over beregna minimunsavdrag.

Ansvarleg lån til Tafjord Kraftproduksjon på 14 millionar har rentevilkår Nibor 6 mnd pluss 2 prosent. I 2018 har ein ikkje hatt avkastning av aktiv forvaltning for midlar plassert frå e-verksfondet.

| Finansinntekter i 1000 kr | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Renteinntekter bank | 265 | 357 | 310 | 304 | 539 | 390 |
| Rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken | | | | 676 | 573 | 549 |
| Renteinntekter Tafjord Kraft AS | 397 | 545 | 487 | 455 | 451 | 439 |
| Aksjeutbytte | 3 741 | 3 806 | 1 738 | 1 271 | 1 603 | 1 855 |
| Utbytte/gevinst Elverkfondet | 2 572 | 1 138 | 1 238 | 1 143 | 1 764 | 0 |
| Finansinntekter | 6 975 | 5 846 | 3 773 | 3 849 | 4 930 | 3 233 |

| Finansutgifter i 1000 kr | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---------------------------------|--------------|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Renteutgifter | 3 301 | 3 167 | 2 606 | 5 330 | 4 536 | 4 732 |
| Tap på finansielle instrumenter | | | 1 640 | 0 | 0 | |
| Avdragsutgifter | 5 865 | 6 303 | 6 557 | 11 624 | 11 195 | 11 932 |
| Renter og avdrag | 9 166 | 9 470 | 10 803 | 16 954 | 15 731 | 16 664 |

Driftsrekneskapen 2018 -hovudtal

Frå skjemaet økonomisk oversikt - drift har vi dette samandraget:

| beløp i 1000 kr | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|------------------------------|---------------|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Driftsinntekter | -187 860 | -188 687 | -191 096 | -194 619 | -216 541 | -208 017 |
| Driftsutgifter | 191 138 | 194 414 | 192 325 | 192 882 | 201 093 | 215 022 |
| Brutto driftsresultat | 3 278 | 5 727 | 1 228 | -1 737 | 15 448 | -7 006 |
| Eksterne finanstransaksjonar | 2 155 | 3 670 | 7 181 | 13 796 | 11 551 | 13 402 |
| Motpost avskrivning | -5 672 | -5 421 | -5 383 | -13 206 | -15 327 | -15 596 |
| Netto driftsresultat | -240 | 3 976 | -3 026 | 1 148 | 19 224 | -4 812 |
| Bruk/avsett til fond | 1 840 | -3 976 | 3 778 | -112 | 20 752 | 1 566 |
| Overført til investering | 1 981 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Meir/mindreforbruk | -3 581 | 0 | 752 | 1 035 | -1 528 | -3 246 |

Driftsutgiftene var i 2018 215 millionar. Rekneskapen inneholder også kostnader til Fjord kommune. Inntektene går ned i 2018 frå 216 til 208 mill. Ein har i 2018 eit meirforbruk på kr. 3 246 000. Dette gjer at det må settjast i verk tiltak framover for å skape balanse i drifta. Ved gjennomgangen av budsjett 2019 og vidare rekneskap 2018 kjem det tydeleg fram at ein har behov for ein budsjettrevisjon allereie våren 2019. Dette vil administrasjon informere om spesielt til formannskap og kommunestyre.

Investeringar 2018

| Investeringer 2018 | Rekneskap 2018 |
|--|-------------------|
| Digitalisering - med tilskot | 2 152 720 |
| IKT-investeringar | 22 622 |
| Avslutte arkiv | 237 584 |
| Tiltak mot radongass | 251 828 |
| Inventar og utstyr Eidsdal skule | 148 360 |
| Datamaskiner og utstyr | 294 778 |
| Valldal skule keramikkovn | 81 390 |
| Oppgradering / Sikring av leikeplassar | 149 170 |
| Arbeid med orgel i Sylte kyrkje | 170 000 |
| Legekontoret - medisinsk utstyr 2017 | 22 600 |
| Eidsdal omsorgsbustader - arbeidsmiljøtiltak | 94 077 |
| VTS - Lukka skap for antibiotika | 77 000 |
| Nye sengar og løfteheiser VTS | 546 014 |
| Avsl. grunnerverv tidlegare prosjekt | 21 985 |
| Fjernvarmeanlegg | 192 301 |
| Vassverk utbygging | 50 523 |
| Tettstadutvikling | 251 654 |
| Brannbil 2017 | 429 671 |
| Brann redningskledde | 118 200 |
| Brann løfteputer til redning | 125 154 |
| Forprosjekt ombygging omsorgsbustader | 186 103 |
| Kraftverkbygget totalrenovering | 296 738 |
| Inngangsparti rådhuset | 48 320 |
| Forprosjekt Eidsdal skule | 84 430 |
| Oppgradering Eidsdal skule | 65 730 |
| VTS og omsorgsbustader - IKT-kabling | 535 884 |
| Egenkapitalinnskot KLP | 676 343 |
| TOTALT | 7 331 180 |

Balanserekneskapen

| beløp i 1000 kr | Rekneskap 2018 | Rekneskap 2017 |
|----------------------------------|-------------------|-------------------|
| Anleggsmidlar | 719 436 | 705 655 |
| Omløpsmidlar | 77 722 | 88 422 |
| Sum eidegar | 797 157 | 794 077 |
| Eigenkapital og gjeld | | |
| Eigenkapital | -187 674 | -182 004 |
| Langsiktig gjeld | -579 123 | -578 634 |
| Kortsiktig gjeld | -30 360 | -33 439 |
| Sum eigenkapital og gjeld | -797 157 | -794 077 |
| Memoriakonto: | | |
| Ubrukte lånemidlar | 5 391 | 4783 |

Langsiktig gjeld består av pantegjeld og pensjonsforpliktingar. Lånegjelda er på kr. 272 683 000.

Tenestene

Sentraladministrasjon

Økonomiske resultat rådmann

| Rådmann | Rekneskap 31.12.2018 | Periode- budsjett 31.12.2018 | Avvik | Avvik i % |
|-----------------------|-------------------------|------------------------------------|-------------------|--------------|
| Politisk styring | 1 162 240 | 1 000 000 | -162 240 | 16,2 |
| Revisjon | 720 478 | 712 397 | -8 081 | 1,1 |
| Rådmannsleiring | 1 935 491 | 1 617 000 | -318 491 | 19,7 |
| Reservert lønsoppgjør | 0 | 1 500 000 | 1 500 000 | -100 |
| Pensjonspremieavvik | -1 374 849 | -4 753 000 | -3 378 151 | -71,1 |
| Kyrkja | 1 600 000 | 1 600 000 | 0 | 0 |
| Andre livssyn | 62 928 | 50 000 | -12 928 | 25,9 |
| Sum | 4 106 288 | 1 726 397 | -2 379 891 | 137,9 |

Som det framgår av oversikt over har eit betydeleg meirforbruk i 2018. Omlegging av administrasjon har hatt betydelege kostander som ikkje var budsjettert. I tillegg hadde avregning av pensjonspremieavvik eit betydeleg avvik på 3,3 mill i budsjett.

Fellestenestene

Fellestenestene har vore definert som eiga eining/verksemd frå januar 2018.

Mål

Oppgåvene som er lagt til fellestenestene skal ha eit høgt fagleg nivå. Heilskapstenking skal vere i fokus, og servicetanken skal vere godt forankra i utføring av tenestene.

Organisasjonen er i stadig utvikling, ei framtidig målsetting er at tenestene til publikum skal tilpassast for å tilfredsstille eit digitalt førsteval med døgnopen forvaltning. Interntenestene skal utviklast slik at optimal flyt blir sikra, roller og ansvar skal vere tydeleg skissert og fordelt. Hovudfokus er knytt til arbeidet med planlegging og tilrettelegging med felles rutiner og system fram mot ny kommunen 01.01.2020.

Arbeidsfeltet for fellestenestene er samansett og relatert til både fag- og fellesfunksjonar.

- Hovudansvar for felles sakssystem; herunder utviklingsoppgåver, implementering, samordning, oppfølging og opplæring - i tillegg til generell dokumentforvaltning
- Poltisk sekretariat
- Saksbehandling for ulike fagområde
- Informasjon
- Utviklingsoppgåver
- Publikumskontakt
- Ekstern og intern service- og støttefunksjon m.m.
- Beredskapssekretariat

Vakanse i flyktningkonsulentstillinga har påført tidvis meirarbeid og utfordringar knytt til denne tenesta.

Årsmelding 2018

Det har vore ulike definisjonar på kva som blir rekna til fellestenestene.

I hovudsak omhandlar dette Servicetorget m/politisk sekretariat og dokumentsenters/arkiv informasjon

- Beredskap
- Flyktningtenesta
- IT (kjøpte tenester hos eKommune)

Årsverk

| Årsverksplan faste stillingar | Årsmelding 31.12.2014 | 30.09. 2015 | Jan/april 2016 | Årsmelding 31.12.2016 | Årsmelding 31.12.2017 | Årsmelding 31.12.2018 |
|----------------------------------|--------------------------|----------------|-------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|
| Fellestenester | 10,7 | 8,7 | 8,7 | 8,7 | 7,3* | 4,9** |
| Informasjon og beredskap | 0,2 | 0,6 | 0,6* | 0,4 | 0,4 | 0,4 |
| Flyktningeteneste | | | 1,0 | 1,0 | 0,3 | 0,25 |
| Sum Fellestenester | 10,9 | 9,3 | 10,3 | 10,1 | 8,0 | 5,55* |

*7,3 årsverk = stillingar i økonomiavdelinga og servicetorget, jf. tidlegare organisering. Personalfunksjon vart sett vakant frå april 2017 og er dermed ikkje med i sum årsverk pr. 31.12.17.

**Forutan dei faste 4,3 stillingane vart det lyst ut eit engasjement i 60% stilling i perioden fom.april 2018 - tom. des.2019. Dette i samband med eit omfattande prosjekt for ordning av eldre arkivmateriale. Etter omorganisering til to-trinnsmodell frå 01.01.2018 er årsverk knytt til økonomiavdelinga tekne ut av «fellestenestene», og framstår frå 2018 som eigen avdeling.

Pga. meirarbeid/omdefinering av roller og oppgåver blir delar av stillingsheimlane budsjettmessig belasta Fjord kommune.

Administrative/faglege resultat

Servicetorget/Fellestenestene

Tenestene i servicetorget er omfattande i innhald og form, og inneber både publikumsretta tenester og interne tenester. Det blir utført saksbehandling innan fleire fagfelt og felles informasjon og interne rutiner blir følgd opp. Servicetorget har også funksjon som beredskapssekretariat. Tilsette er involvert i ulike arbeidsgrupper for nye Fjord kommune. Møteaktivitet og kartleggingsarbeid knytt til dette har vore merkbart gjennom året.

Politisk sekretariat

står for samordning, saksutsending, sekretærarbeidet i møte og utsending av vedtak, samt saksbehandling i enkeltsaker.

Årsmelding 2018

I tillegg har møtesekretær fått eit nytt oppdrag i samband med samordning av møtesaker, innkallingar og utskrifter for fellesnemda. I 2018 vart det innført eigen modul i sakssystemet basert på WebsakFOKUS. Direkte kopling mot Fjord si heimeside har gjort det mogleg at saker, vedtak og protokollar kan lesast på sida gjennom innsyn. Postliste med dokument i fulltekst er også tilgjengeleg i innsyn på same området.

Dokumentsenteret

er ansvarleg for dagleg dokumenthandtering, elektronisk registrering og arkivering av dokumentasjon som skal bevarast i framtida. Betydninga kring rett registrering og fullført saksbehandling er alfa-omega i denne samanhengen. Det blir stilt strenge krav gjennom lovverk om korleis dokumentfangst skal foregå. I 2016 hadde kommunen tilsyn frå Arkivverket, der fristen for opprettning av avvik var sett til ulike tidspunkt i løpet av 2017 og 2018. Prosessen med å lukke avvik som vart registrert vart endeleg ferdigstilt i januar 2019, i samband med godkjent bevarings- og kassasjonsplan.

For å kunne utføre ei fagleg forsvarleg arkivteneste er det viktig å ha tilstrekkeleg kunnskap kring fagfeltet. Ny arkivforskrift vart gjeldande frå januar 2018. Arkivleiar har ansvar for langsiktig planlegging av arkivtenesta i organisasjonen. For meir informasjon om rutiner og retningslinjer, sjå www.arkivplan.norddal.kommune.no. Arkivplanen er under kontinuerleg oppdatering og gir oversikt over alt frå daglege rutiner, arkivseriar, it-system, interkommunale samarbeid osv.

Førebuiingsarbeidet for avlevering av eldre arkivmateriale har starta. Omlag 300 hyllemeter papirarkiv er planlagt ordna over ein 3års-periode. Det vart tilsett eigen ressurs i engasjement i 60% stilling frå juni 2018 fram til 31.12.2019 for å intensivere dette arbeidet. Så langt ser ein resultat av registrering av kvar enkelt saksmappe og listeføring gjev eit heilt anna bilet og forståing av innhald i dokumentasjon. Dette skal seinare samordnast av IKA Møre og Romsdal som registrerer det inn i eige system – ASTA. Papirarkivet frå formannskapet fram til og med 1994 utgjer om lag 300 arkivboksar.

I tillegg vart alle klientmapper frå sosial og barnevern fram til 2009 ordna, listeført og avlevert til IKA i 2018.

Teknisk fagområde

Arbeid knytt til vedlikehald av avgiftsgrunnlag og innkreving av kommunale avgifter er eit viktig område innan fagfeltet, og det er ein føresetnad at ulike samarbeid med m.a. ÅRIM er velfungerande. At oppdatert planverk ligg føre, ajourhald i matrikkelen gjennomført m.m., er ein føresetnad for å kunne yte god service.

Førebuing for digitalisering av eldre eigedomsarkiv er igangsett. I tidlegare tider har eigedomsarkivet blitt arkivert på alfabet, og har vanskeleggjort attfinning på eigedommar der det har vore eigarskifte. Ved å ordne dette slik at alt blir arkivert på gards- og bruksnummer vil ein få samla historikk på kvar eigedom.

Årsmelding 2018

Det er gjort eigen avtale med IKA for avlevering av eigedomsarkivet for skanning. Avtale er også samordna med Documaster som er skal gjere oppslag tilgjengeleg i sakssystemet. Avtalen med Documaster er inngått for Fjord kommune.

Landbruk

Arbeid knytt til tilskotsordningar og stønadsordningar innan landbruket blir utført av saksbehandlar i servicetorget. Det er oppbygd god kompetanse innan feltet dei siste åra. Omlegging knytt til endra søknadsfristar og oppdaterte fagsystem krev god oppfølging og kompetanse. Pålagte prøvar innan plantevern og jegerprøveeksamen er og oppgåver som blir samordna av saksbehandlar i servicetorget, samt ajourhald og kontrollar m.m.

Flyktningtenesta

Endra føresettader har gjort at årsverk knytt til flyktningtenesta har blitt redusert. I tillegg har vakansar i stillinga skapt utfordringar. Hausten 2018 vart det leigd inn ekstern kompetanse frå NAV Skodje i 20% stilling. I tillegg har leiar for fellesstenenstene tidvis bidratt med ein heil del ressursar sidan det oppstod ein del utfordringar gjennom året.

Etter endt deltaking i introduksjonsprogrammet var det NAV som skulle overta oppfølginga av gruppa frå 01.08.2018. Dette var gjeldande både for språkpraksis, arbeidspraksis, utdanningsløp og økonomiske spørsmål.

I løpet av året har 3 vaksne og 2 barn av gruppa flytta frå kommunen.

Pr. dato er det kun 2 av dei opprinnelege 5 vaksne personane som kom til kommunen i 2015 som er fastbuande i Norddal kommune. Likevel ser ein nokre utfordringar i etterkant av flytteprosessen, mtp. økonomiske tilskotsordningar ved etablering.

Informasjon

Det blir jobba med å etablere ny heimeside for Fjord kommune i eigen prosjektgruppe. 2 deltarar frå fellesstenestene er involvert i dette arbeidet.

Beredskap

Kommunen har hatt beredskapsøving i regi av Fylkesmannen i 2018 der beredskapssekretariatet og kriseteamet var involvert.

IT

Kommunen kjøper tenester frå eKommune Sunnmøre, budsjettansvaret er lagt til leiar for fellesstenestene. IT er eit gjennomgående område for heile organisasjonen, og koordineringsarbeidet er viktig. Mange er involverte i ulike system-opgraderingar og omleggingar/nye arbeidsmetodar blir framleis gjennomgåande. Å ha ein koordinator som samordnar innføring og implementering av system, gjer at arbeidet blir synleggjort og oversiktleg både mtp. infrastruktur og på systemnivå.

Økonomiske resultat fellestene

| Fellestenestene | Regnskap 2018 | Budsjett 2018 | Avvik | Avvik i % |
|------------------------|--------------------------|--------------------------|-----------------|----------------------|
| Fellestenester* | 8 509 387 | 9 000 000 | -490 613 | -5,5 |
| Flyktningsteneste | 177 098 | 300 000 | -122 902 | -41,0 |
| Beredskap | 647 525 | 530 000 | 117 525 | 22,2 |
| Sum | 9 334 011 | 9 830 000 | -495 989 | -5,1 |

*Ansvar 1202, 1210, 1250.

Utfordringar i tida som kjem

Fellestenestene 2019:

- Prosjekt- og utviklingsarbeid generelt
- *Vidare arbeid med planlegging og samordning fram mot 2020 både internt i organisasjonen og i ulike arbeidsgrupper for Fjord. Endeleg organisering vil vere vesentleg å få avklart.*
- *Etablering og implementering av nye system. WebsakFOKUS Norddal og Websak FOKUS Fjord er 2 nye og omfattande omleggingar.*
- *Førebuing til kommune- og fylkestingsvalet 2019, felles valansvar for Fjord kommune, endra føresetnader og endra røystekrinsar.*
- *Oppfølgingsarbeid i sekretariatet etter nytt kommuneval*
- *Ordning og avlevering av eldre arkivmateriale etter nøyaktige retningslinjer som gjer det mogleg å registrere det i «Asta».*
- *Digitaliseringsarbeid - eigedomsarkiv*
- *Uttrekk frå elektroniske system som skal ordnast og avleverast til IKA Møre og Romsdal.*
- *Utforming av arkivplan for Fjord kommune.*
- *M.m.*

Skule, barnehage, kultur og barnevern

Mål

Mål for ansvarsområdet – kort skildring av tenestene og måloppnåing

I tråd med nasjonalt lovverk og lokalt planverk, skal brukarane oppleve at dei får dei tenestene dei har krav på og rett til.



Juleverkstad på Eidsdal skule

Skule

Opplæringa i grunnskulen skal, i samarbeid med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Den skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og utvide kjennskap og forståing av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonal kulturtradisjon. Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfold, vise respekt for den einskilde si overtyding, fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskarkrøng samtidig som dei lærer å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal ha medansvar, rett til medverknad og skal møtast med tillit, respekt, krav og utfordringar som fremjar danning og lærelyst.

Barnehage

I barnehagane skal det enkelte barn oppleve mestring, leik, læring, kjenne seg inkludert og likeverdig og bli tatt i mot og ivaretatt på ein god måte. Alle skal verte høyrt og få ytre meiningssi. Dei tilsette skal oppleve glede over arbeidet, stolheit over yrket og arbeidsplass, og ha meiningsfulle arbeidsdagar, der kompetanse, interesser og evner skal nyttast og utviklast. Foreldre og føresette skal vere viktige samarbeidspartnarar og oppleve muligheter til medverknad i det daglege arbeidet.

Kultur

Verksemda kultur ønskjer å vere ein bidragsytar i arbeidet med å skape det gode liv i Norddal – livskvalitet i samspel med natur og kultur.

Vi skal marknadsføre og utvikle Norddal kommune som ein god kommune å vekse opp i, og ein god kommune å busetje seg.

For å lukkast med dette må ein styrke samhandlinga med frivillige lag og organisasjonar.

Kultursektoren femner om tenester som har mykje å seie for trivsel og livskvalitet; Bibliotek, Frivilligsentral og musikk- og kulturskule.

Barnevern

Norddal kommune er med i interkommunalt barnevern; Storfjorden Barnevern, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

PPT

Norddal kommune er med i interkommunalt PP-teneste; Storfjorden PPT, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

Sektor oppvekst og kultur

Etter omorganisering til sektornivå, femnar denne sektoren no om skule, barnehage, sfo, vaksenopplæring, kultur- og musikkskule, frivilligsentral, kulturadministrasjon og bibliotek. I tillegg har sektoren ansvar for samarbeidsavtalane med Storfjorden PPT og Storfjorden Barnevern.

Skule

Det er to kombinertskular i kommunen: Eidsdal skule med om lag 53 elevar og Valldal skule med 153 elevar. Begge skulane tilbyr SFO. Vaksenopplæringa er lagt administrativt til Valldal skule.

Grunnskulane i Norddal har over fleire år levert grunnskulepoeng heilt i landstoppen, og elevundersøkingane syner god utvikling i høve trivsel, støtte frå lærarane og mobbetal.

Læringskultur og elevmedverknad kan endå verte betre. Viser elles til *Tilstandsrapport for grunnskulen i Norddal 2016*.

Vaksenopplæringa

Redusert aktivitet grunna avslutta introduksjonsprogram. Har no gått tilbake til undervisning på kveldstid.

Sfo

Tal brukarar varierer. I Eidsdal er tal brukarar auka litt siste året. Tal brukarar i Valldal er synkande. Dette fører til reduserte inntekter samstundes som ein må ha same personalressursen.

Barnehage

Det er to barnehagar i kommunen: Dalsbygda barnehage med 17 barn og Syltebøen barnehage med 44 barn. Begge barnehagane har ledig kapasitet.

I Dalsbygda barnehage varierer barnetalet slik at ein balanserer i høve behov for deling av barnegruppa og regulering av bemanningsressurs. Syltebøen bhg har tre avdelingar etter nedlegginga av Fjørå.

Kultur

På grunn av omdisponering av personellressurs i samband med kommunereformarbeid, er denne ressursen vorte redusert i fleire omgangar i 2019, og er no nede på eit smertefullt minimum. Dette vil bli tilpassa når ein kjem over til Fjord kommune.



Frivilligsentral

Det er tilsett 50% stilling som leiar for Frivilligsentralen. Administrasjonen i kommunen nyttar Frivilligsentralen til administrative oppgåver der det frivillige er representert. Frivilligsentralen er flytta til rådhuset.

Kulturskule

Det er omlag 2,6 stillingar og 100 elevar i kultur- og musikkkulen. I tillegg til ordinær musikkundervisning leverer ein tenester til korpsa i kommunen. Det er eit godt samarbeid mellom kulturskulen og grunnskulane i kommunen, spesielt med tanke på planlegging, øving og gjennomføring av kabareen. Det er no etablert felles kulturskulerektor saman med Stordal kommune.

Bibliotek

Det er 1.36 stilling i biblioteket. Ei del av personalressursen i Eidsdal vert nytta på Eidsdal skule. Biblioteket har stor utlån. Ein har etablert fleire aktivitetar knytt til biblioteket.

Barnevern

Stabilt i høve til saker, men kompleksiteten i sakene er stor. Det er inngått avtale med Storfjorden Barnevern, der Skodje kommune er vertskommune for samarbeidet. Økonomisk er det store utgifter til tiltak, men administreringskostnadane er låge.

PPT

Stabilt i høve til tal enkeltsaker, men kompleksiteten i ein del saker er omfattande og krev tiltak både på individ og systemnivå. Det er tilgang på logopedkompetanse i Storfjorden PPT, men det er likevel behov for kjøp av privat logopedteneste. Eigarkommunane bør utvide logopedstillinga til full stilling

Siste året har vi også fått ein del saker i barnehagane. Dette er svært bra, då ein ser verdien av å kome tidleg inn når ein ser behov for ekstra oppfølging av barn med ulike vanskar. Dette sparar oss for utgifter og utfordringar seinare i skuleløpet.

Årsverk

Reduksjon i årsverk på om lag 4,5. I hovudsak på Valldal skule/SFO/VO

| Oppvekst og kultur | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|----------------------|------|------|------|--------|------|
| Valldal skule/SFO/VO | 29,0 | 31,3 | 30,7 | 32,8* | 28,2 |
| Eidsdal skule/SFO | 12,4 | 12,0 | 11,9 | 11,4 | 11,2 |
| Dalsbygda bhg | 4,3 | 4,7 | 4,7 | 4,4 | 4,7 |
| Syltebøen bhg | 14,4 | 13,4 | 14,0 | 11,0** | 11,0 |
| Kulturskulen | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 2,85 | 2,6 |
| Kulturadm. | 1,5 | 0,5 | 0,3 | 0,3 | 0,3 |
| Frivilligsentral | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 |
| Bibliotek | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,4 |
| | 66,6 | 66,8 | 66,5 | 64,65 | 59,9 |

* Auka årsverk grunna spesialpedagogisk undervisning og meir vaksenopplæring

Vi mottek refusjon for andre kommunar på noko av årsverka

** La ned avd. i Fjørå

Økonomiske resultat

| Skule, barnehage, kultur og barnevern | Regnskap 2018 | Budsjett 2018 | Avvik | Avvik i % |
|---------------------------------------|-------------------|-------------------|----------------|------------|
| Fellesområde skule/bhg | 2 041 982 | 2 020 000 | 21 892 | 1,1 |
| Valldal skule | 18 382 509 | 17 819 160 | 563 349 | 3,2 |
| Eidsdal skule | 8 257 037 | 8 070 000 | 187 037 | 2,3 |
| Dalsbygda barnehage | 2 208 612 | 2 450 000 | -241 388 | -9,9 |
| Syltebøen barnehage | 5 184 547 | 6 162 316 | -977 769 | -15,9 |
| Kulturskulen | 1 336 709 | 1 450 000 | -113 291 | -7,8 |
| Kultur | 458 201 | 513 899 | -55 698 | -10,8 |
| Frivilligsentralen | 271 565 | 332 000 | -60 435 | -18,2 |
| Bibliotek | 886 430 | 891 101 | -4671 | -0,5 |
| Barnevern | 2 872 120 | 1 700 000 | 1 172 120 | 69 |
| Sum | 41 899 621 | 41 408 476 | 491 145 | 1,2 |

Utfordringar i tida som kjem

Det er ei stor utfordring i å balansere inntekter og utgifter i drifta av sektoren. I samband med at inntektene har gått kraftig ned dei siste åra, har rammene til den enkelte eining vorte stadig knappare. At det no er knappe ressursar i einingane, avgrensar moglegheita til å sette inn ressursar til tidleg innsats, spesielt i skulane. Ein har gode erfaringar med å sette inn tilstrekkeleg med ressursar i dei minste årsstega, for å spare seg for ekstra utfordringar og utgifter til ekstraordinære tiltak seinare i utdanningsløpet.

Det vil vere store vanskar med å rekruttere nye medarbeidarar med formell kompetanse i nær framtid. Samstundes som krava til undervisningskompetanse i skulane er innskjerpa, vil vi ha fleire tilsette i skulen med brei undervisningskompetanse som vil gå av med pensjon i løpet av dei komande åra.

I samband med kommunereforma vil det verte behov for å finne framtidige samarbeidsstrukturar innan både PPT (Ørskog vertskommune) og Barnevern (Skodje vertskommune).

Tilpassing av drifta og reduksjon i bemanningsressursen i samband med redusert barnetal.

Bemanningsnorma som no er innført kan ved enkelthøve krevje ekstra bemanning både i skule og barnehage



Beredskapsøving haust 2018

Helse og omsorg

Mål

Helseavdelinga har ansvaret for kommunale/off. legeoppgåver, fastlegeteneste, helsestasjon for barn og unge, fysioterapi, ergoterapi, psykiatrisk sjukepleie og folkehelseteneste . Leiar av eininga er kommuneoverlegen.

Sjukeheimen har ansvaret for, langtidsopphald, korttidsopphald, avlastning på sjukeheim, skjerma eining for-demente, dagopphald, nattopphald og terminalpleie. Eininga har eigen einingsleiar.

Heimetenenesta har ansvaret for heimesjukpleie inkludert praktisk hjelp i heimen, miljøterapuetiske tenester til personar med nedsett funksjonsevne med tilrettelagde heildøgns tenester, dagtilbod for demente, tilbod om m.a brukerstyrt personleg assistanse, støttekontakt, omsorgsstønad og middagsombringning. Eininga har eigen einingsleiar.

NAV er ei samorganisering av kommunale og statlege tenester og gir eit avgrensa tilbod innanfor sosiale tenester.

Årsomtale

Tilsyn frå fylkemannen til personar med ei utviklingshemming over 18 år som mottek helse- og omsorgstenester. Her vart det avdekkja fem avvik som ein no jobbar for å lukke.

Velferdsteknologiens ABC opplæringsprogram, eit tilbod til alle tilsette

Helsefagarbeidar utdanning, oppstart hausten 2018. Ti tilsette deltek.

Ein sjukepleiar tek vidareutdanning i «trygg legemiddelhandtering» på masternivå

To sjukepleiarar deltek på «det gode pasientforløp for den multisjuke pasienten»

Oppstart / opplæring av tilsette på elektronisk pasientjournal

Danna gruppe for kvalitetsikring slik ein sikrar kontinuitet for kvalitetssikringsarbeidet.

Opna sansehagen med ny paviljong

Har oppretta Arbeid- og aktivitetssenter for personar med funksjonsnedsetting i samarbeid med Byrg kompetanse AS.

Hovudmålet for sektoren er

Kommunen skal sørge for at alle som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester.

Pleie og omsorgstenesta i Norddal Kommune skal tilby pleie og omsorgstenester av høg kvalitet. Tenesta skal vere tilpassa den enkelte, vere kostnadseffektive og bidra til tryggleik og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Når det gjeld dei konkrete delmåla, blir det vist til sektorplanen for 2017.

Årsmelding 2018

Årsverk

Reduksjon i årsverk med om lag 2,5 årsverk

| Helse og omsorg | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---------------------------|------|------|------|------|-------|
| Helse og omsorg | | | | | |
| Fellesområde helse/PLO | | 1,0 | 2,0 | 1,5 | 1,5 |
| Helse | 9,0 | 8,6 | 8,6 | 7,6 | 7,6 |
| God helse | | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 |
| Kraftsenteret | | 0,5 | 0,5 | 0,0 | 0,0 |
| Sosial-NAV | 1,0 | 1,0 | 0,5 | 0,0 | 0,0 |
| Pleie og omsorg – heimet. | 37,5 | 37,9 | 33,2 | 36,4 | 34,7 |
| Pleie og omsorg – instit. | 40,5 | 38,7 | 34,5 | 35,8 | 34,7 |
| Sum Helse og omsorg | 88,0 | 88,2 | 79,8 | 81,6 | 78,97 |

Økonomiske resultat

| Helse og omsorg | Regnskap 2018 | Budsjett 2018 | Avvik | Avvik i % |
|---------------------------------|------------------|------------------|-----------|-----------|
| Fellesområde helse/PLO | 1 107 243 | 1 404 811 | -297 568 | -21,2 |
| Helse | 8 530 145 | 8 798 544 | -268 399 | -3,1 |
| Sosial-NAV | 1 205 449 | 1 112 000 | 93 449 | 8,4 |
| Pleie og omsorg - heimetenester | 23 518 074 | 23 105 000 | 413 074 | 1,8 |
| Pleie og omsorg - institusjon | 24 263 344 | 22 669 000 | 1 594 344 | 7,0 |
| Sum | 58 624 255 | 57 089 355 | 1 534 900 | 2,7 |



Juleverkstad på sjukeheimen

Utfordringar i tida som kjem

- Ein må gå vidare med dei dei forbettringsområda som har vorte valde ut som særskilde prioriterte område. Dette er mellom anna velferdsteknologi og internkontroll/kvalitetsikring. Dette krev ei strukturert leiing som ser det nødvendige med også å arbeide med langsigtige oppgåver.
- Auka krav til produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i sektoren.
- Ei vesentleg vanske er å rekruttere til ledige stillingar. Alle tilgjengelege reiskapar i dette arbeidet må takast i bruk; frå eigen løns- og personalpolitikk til eksternt rekrutteringsarbeid og interkommunale samarbeidstiltak. Rekrutteringsplan må lagast. Talet på sjukepleiarar og vernepleiarar må aukast. Ein har ikkje kreftsjukepleiar i kommunen og ser at dette er ein ressurs som kommunen vil trenge.
- Arbeid med å redusere sjukefråværet må ha sterkt fokus også i åra som kjem.
- For helseavdelinga gjeld det særskilt å halde tritt med dei krava til innhald og kvalitet som er varsla, og er planlagt som lovkrav for den kommunale helsetenesta.
- For både institusjon og heimenestenesta gjeld at ein må sikre seg å vere ein del av den velferdsteknologiske utviklinga.
- Kompetanseplan for heile eininga må på plass.
- Omstilling og kompetanseutvikling er nøkkelord for pleie og omsorg-med stadig og meir krevjande sjukepleie både i heimen og på institusjon
Ein bør og jobbe for ein auka heiltidkultur i pleie og omsorg
- Grunna stort behov for sjukeheimspllassar har det sidan januar 2018 vore tidvis over belegg på sjukeheimen. Ein ser behov for fleire bemanna omsorgsbustadar.
- Innføring av «leve heile livet» reforma
- Samanslåing til Fjord kommune
- Bygge ny omsorgsbustar i Valldal slik at fleire kan bu heime lengre.
- Løysinga for bustad for personar med nedsette funksjonsevne må takast tak.



Sansehagen i Valldal tek form takka vere stor innsats frå frivillige.

Teknisk, næring og miljø

Mål for eit samla TNM

- Eit mål skal alltid vere å klare utfordringane knytt til vedteke budsjett. Det har vore skore ned på driftsmidlane, og oppgåveløysinga vert sett under stort press.
- Målsetting for eininga vert å halde tidsfristar og vere ajour i sakshandsaminga. Ein vil arbeide framoverretta og fortsette med administrativ likebehandling i saker.
- Verdibevaring av eigedomar ved rett drift og vedlikehald. Tilfredstillande drift på eit minimalt areal.

Mål for næringsarbeid, viltforvatning, miljø- og naturforvaltning

Næringsarbeidet omfattar tradisjonelt landbruk og anna næringsarbeid. Ulike tilskotsordningar innanfor desse områda tilfører kommunen ca 30 mill kr kvart år. Dette er eit viktig bidrag med omsyn til busetnad og næringsaktivitet.

Strategisk Næringsplan som vart vedteke av kommunestyret 23.06.2016, har denne målformuleringa:

«Norddal kommune skal stimulere til eit lønsamt, nyskapande og berekraftig næringsliv som primært tek utgangspunkt i næringar som har naturlege konkurransefortrinn i området.»

Vidare er det utforma 3 delmål:

1. Fleire og meir overlevingsdyktige bedrifter
2. Fleire arbeidsplassar
3. Auke folketalet med minst 50 innbyggjarar

Det tradisjonelle landbruket er for det meste styrt av sentrale målsettingar, og kommunen må følgje desse. Kommunen kan etablere sine eigne prioriteringar så lenge dei er innanfor sentrale vedtekter, forskrifter og retningsliner. Dette har ein mellom anna gjort innanfor SMIL- ordninga, skogforvatning og viltforvaltning. Kommuneplanen legg klare føringar på kommunen sine satsingsområde.



Tømmeruttak i Valldal

Årsomtale 2018

Kort samandrag av dei viktigaste sakene:

- Stort sauetap som skyldast jerv i store delar av kommunen og på begge sider av fjorden. Innførte tidleg sinking i nokre område. Sauenæringa er bekymra for framtida.
- Frå næringsfondet vart det løyvd kr 100.000,- til 9 fullmaktsaker og 14 søknader fekk løyvd i alt kr 670.000,- frå næringsfondstyret.
- Løyvd kr 239.000,- til 9 SMIL- prosjekt.
- Det er sendt inn krav om fellingsavgift på kr 119.152,- som går inn på viltfondet. Bakgrunnen for desse tala er 74 skotne hjortekalvar, 243 vaksne hjortar, 1 elgkalv og 1 vaksen elg.
- Arbeidet omfattar eit stort spekter av oppgåver innan landbruk, forvaltning av næringsfond, viltarbeid, skogforvaltning, miljø- og naturforvaltning. Desse viktige oppgåvene skal løysast innanfor ei ramme på 1,5 årsverk. Tradisjonelle landbruksaker er framleis leiande når det gjeld arbeidsmengda for dei tilsette, men saker innan miljø- og naturforvatning aukar.
- Arbeidet med etablering av Fjord kommune krev mykje av arbeidstida.
- Nye digitale løysingar er innført innan SMIL, drenering og avløysing.

Utfordringar i tida som kjem

Den største utfordringa vil vere å finne gode løysingar for næringsarbeid og forvaltning av naturressursane i Fjord kommune. Ei slikt arbeid blir krevjande, men det opner også for nyttenking og kreativitet. Det vil framleis vere behov for interkommunale kontakter og løysingar for å sikre gode fagmiljø og god forvaltning ut over etablerte kommunegrenser.

Andre viktige utfordringar:

- Ei roviltforvaltning som gjer det mogleg å satse vidare på sauehald i kommunen
- Alle hjorteviltvald må kome med i eit bestandsplanområde
- Auka satsing på jordvern både i plansaker og einskildsaker
- Bidra til at ungdomen etablerer seg i lokalmiljøet og får høve til å utvikle nye og framtidsretta idear
- Legge til rette for vidare satsing på lokalmat og turisme
- Bidra til at forvaltninga av Reinheimen og Verdsarvområdet blir ivaretake, og at dette arbeidet kan gi rom for utvikling av miljøbasert reiseliv og anna næringsaktivitet
- Handtere digitale løvingar slik at dette ikkje kjem i konflikt med viktig og god menneskeleg kontakt for å løyse lokale utfordringar.

Mål for TSSN

TSSN – teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune vart etablert frå 01.01.11, og har seinare vorte formalisert gjennom permanente avtalar mellom kommunane.

Avdelinga har ansvar for områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (matrikksaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid med grunnerverv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er og lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investeringssida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

Har vidare ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vatn, avløp, renovasjon, park og anlegg samt eigen maskinpark.

Årsverk

| TNM | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---------------------|------|------|------|------|
| Fellesområde | 1 | 1 | 1 | 0 |
| Teknisk drift | 4 | 4 | 4 | 4 |
| Plan Bygg Oppmåling | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Brannmannskap | 0,7 | 0,7 | 0,7 | 0,7 |
| Næring | 2 | 1,6 | 1,6 | 1,5 |
| Eigedomsforvaltning | 10,4 | 8 | 10,4 | 9,4 |
| Sum årsverk | 19,5 | 17,3 | 19,7 | 17,6 |

Frå 01.10.17 har stilling som kommunalsjef stått vakant. Stilling som formann teknisk drift har ikkje vorte lyst ut etter at den som var i stillinga gjekk av med pensjon 31.12.17. Har vore erstatta med intern overføring frå eigedomsforvaltning. Redusert ressurs med 0,1 årsverk for støttetenester landbruk frå 01.01.18

Årsverka viser ikkje reelt disponibelt mannskap i avdelinga. Samarbeidet med Stordal kommune gjer at ingeniørar i TSSN vert fakturert mellom kommunane etter fordelingsnøkkelen basert på folketal. Dette gjer at tabellen for Teknisk drift og PBO vert slik:

| Stillingar i TSSN | Norddal | Stordal | Årsverk |
|--------------------------------------|---------|---------|---------|
| Planleggjar | 60 % | 40 % | 1 |
| Byggesak / brannleiar Norddal | 60 % | 40% | 1 |
| Ingeniør FDV | 60 % | 40 % | 1 |
| Oppmåling/ matrikkelføring | 60 % | 40 % | 1 |
| Ingeniør ledningskart (frå 01.11.18) | 60 % | 40 % | 1 |
| Byggesak/ bygningsdrift Stordal | 30 % | 20 % | 0,5 |
| Konst. teknisk sjef | 60 % | 40 % | 1 |

Tilsettingsforhold Stordal 3,5 årsverk, Norddal 3 årsverk.



Ny tankbil til brannvesenet i Valldal

Økonomiske resultat

| Teknisk, næring og miljø | Rekneskap 2018 | Budsjett 2018 | Avvik | Avvik i % |
|---------------------------|-------------------|-------------------|------------------|------------|
| Fellesområde TNM | 6 524 | 36 000 | -29 476 | -81,9 |
| Teknisk drift | 5 827 175 | 5 997 000 | -169 825 | -2,8 |
| Teknisk drift - sjølvkost | 82 651 | -507 000 | 589 651 | -116,3 |
| Plan bygg oppmåling | 1 503 711 | 1 476 000 | 27 711 | 1,9 |
| Brann og oljevern | 3 077 221 | 3 318 000 | -240 780 | 7,3 |
| Næring | 664 693 | 349 788 | 314 905 | 90,0 |
| Eigedomsforvaltning | 9 648 440 | 8 999 984 | 648 456 | 7,2 |
| Sum | 20 810 415 | 19 669 772 | 1 140 643 | 5,8 |

Årsomtale TSSN

Avdelinga har elles hatt ytterlegare ei administrativ stilling vakant fram til 01.11.18. Det har også vore vedteken ei ekstra stilling finansiert av Fjord i samband med stort antal investeringsprosjekt. Det har ikkje lukkast å rekrutere nokon inn i denne stillinga før mars 2019. Dette har påverka avdelinga sin kapasitet både i dagleg drift og for prosjektgjennomføring.

I 2018 vil ein elles nemne dette:

- Arbeid i samarbeid med planar for massedeponi FV.63 Korsmyra - Indreeide
- Arbeid med planregister/planstrategi
- Deltaking energi-og klimanettverk
- Plansaker, Vikaberga, Gudbrandsjuvet, Slettvikane og Tafjordbadet
- Re-oppstart tettstadprosjektet
- Arbeid med overordna ROS for Norddal og Stordal
- Rassikring kommunal veg Fjørå
- Rensk og sikring av kommunal tunnel i Tafjord
- Gjennomføring av brannøvingar begge brannverna Valldal + Eidsdal
- Utviding verneklede brannmannskap
- Oppbygging skumutstyr og ombygging tankbil til Valldal brannstasjon
- Kurs/opplæring for brannmannskap Valldal og Eidsdal «akutthjelper»
- Arbeid med gamle frådelingar som ikkje ver fullført med oppgjer/skøyte
- Drift av mobil miljøstasjon for Årim

Årsomtale eigedomsdrift

- I 2018 vart eigedomsdrifta leia av teamleiar for eigedomsdrift
- Det har vore ein del endring i organisering og det er overført mannskap frå eigedomsdrift til teknisk drift.
- Driftsmessig har dette vore eit konsoliderings år der det har vore sett stor fokus på kontroll av teknisk / El- anlegg og gjennomføring av tiltak etter kontrollane.
- Martin Linge-huset og Valldal skule har vore i full drift dette året og det er gjort mindre tilpassingar i det tekniske anlegget etter problem med utkopling av funksjonar i ventilasjon og varmeanlegg ved straumbrot.
- Ved omsorgsbustadane i Eidsdal er det gjort diverse vedlikehaldsarbeid i nokre bustadar.
- Ved Eidsdal skule er det gjort noko vedlikehaldsarbeid.
- Tafjord Friluftsbad hadde ein fin sesong med mykje gode ver.
- Reinhalde og forefallande vedlikehald av kommunale formålsbygg er utført som planlagt gjennom året.
- Det har vore sett i gang prosjektering av ombygging av (kraftverkbygget) Olavsgata 8.



Martin Linge-huset har høg og aukande aktivitet

Utfordringar i dei nærmaste åra for eit samla TNM

- Høg gjennomsnittsalder i avdelinga, og rekruttering er ei stor utfordring.
- Investeringsbudsjett med store ambisjonar. Kapasitet og kompetanse til gjennomføring.
- Halde seg oppdatert på gjeldande regelverk
- Digitalisering av eigedomsmasse
- Digitalisering av ledningar og kummar
- Samkøyring av driftsfunksjonar ved bygging av ny kommune
- Veg og overflatevatn har store utfordringar etter at vi får meir ekstremver
- Brann ser ei utfordring i å rekruttere deltidsmannskap, færre innbyggjarar å velje i.
- Med stadig nytt og meir omfattande regelverk å forhalde seg til, kan det sjå ut som at ein i framtida vert nøydd å gjere hardare prioriteringar i høve lovpålagde/ikkje lovpålagde oppgåver.

Kommunestyret - saker i 2018

| Saksliste | | | | |
|------------------|-----------------|---|-------------|---------------|
| Utvål | Møtedato | Sakstittel | JPId | Saksnr |
| KS | 01.02.2018 | Godkjenning av møtebok | 18/61 | 001/18 |
| KS | 01.02.2018 | Reguleringsplan for massedeponi og rigg på Berge i Eidsdal | 18/1 | 002/18 |
| KS | 01.02.2018 | Prosjekt pleie- og omsorgtenesta | 18/97 | 003/18 |
| KS | 01.02.2018 | Miljøfytårnsertifisering av Norddal kommune | 18/283 | 004/18 |
| KS | 01.02.2018 | Severinbrauta - LUK-prosjekt om kulturarv og attraktivitet | 18/100 | 005/18 |
| KS | 01.02.2018 | Val av person med rett til å vigslé | 18/265 | 006/18 |
| KS | 01.02.2018 | Høyningsfråsegn frå Norddal kommune - traseaval E39 Vik-Digernes | 18/662 | 007/18 |
| KS | 12.03.2018 | Godkjenning av møtebok | 18/1838 | 008/18 |
| KS | 12.03.2018 | Referatsaker | 18/1849 | 009/18 |
| KS | 12.03.2018 | Grensejustering i Norddal kommune - Høyningsuttale | 18/1766 | 010/18 |
| KS | 12.03.2018 | Overføring av investeringsmidlar frå 2017 til 2018 | 18/789 | 011/18 |
| KS | 12.03.2018 | Beredskapsarbeid i Norddal kommune | 18/566 | 012/18 |
| KS | 12.03.2018 | Årsmelding for 2017 - Norddal eldreråd | 18/1441 | 013/18 |
| KS | 17.04.2018 | Godkjenning av møtebok | 18/2985 | 014/18 |
| KS | 17.04.2018 | Referatsaker | 18/3083 | 015/18 |
| KS | 17.04.2018 | Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Norddal kommune - ny behandling | 18/2546 | 016/18 |
| KS | 17.04.2018 | Skjenkeløyve 18.04.2018 - 30.09.2020 - ny behandling | 18/3023 | 017/18 |
| KS | 17.04.2018 | Organisering av den sivile rettspleia frå 01.04.2018 - Namnsmannoppgåver og forliksråd. | 18/2732 | 018/18 |
| KS | 17.04.2018 | Kjeldesortering ÅRIM | 18/2812 | 019/18 |
| KS | 17.04.2018 | Fjord kommune - vidare prosess | 18/2697 | 020/18 |
| KS | 17.04.2018 | Skulerute for grunnskulen i Norddal skuleåret 2018-2019 | 18/2012 | 021/18 |
| KS | 17.04.2018 | Val av representant og vara til styret i Storfjord helseenter AS | 18/2268 | 022/18 |
| KS | 28.06.2018 | Godkjenning av møtebok | 18/5068 | 023/18 |
| KS | 28.06.2018 | Referatsaker | 18/5070 | 024/18 |
| KS | 28.06.2018 | Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2017 - Norddal kommune | 18/4729 | 025/18 |

Årsmelding 2018

| | | | | |
|----|------------|--|---------|--------|
| KS | 28.06.2018 | Årsmelding 2017 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Norddal | 18/3787 | 026/18 |
| KS | 28.06.2018 | Finansrapport 1. tertial 2018 - Norddal kommune | 18/5077 | 027/18 |
| KS | 28.06.2018 | Tertialrapport Norddal kommune 30.04.2018 | 18/4998 | 028/18 |
| KS | 28.06.2018 | Konverteringsrett ansvarleg lån Tafjord Kraft AS | 18/5100 | 029/18 |
| KS | 28.06.2018 | Tilstandsrapport for grunnskulen 2017 | 18/5072 | 030/18 |
| KS | 28.06.2018 | Innarbeidning av kriterium for nasjonalparkkommunar - aktørar under merkevaren Norges nasjonalparkar og utviding av status som nasjonalparkkommune | 18/4253 | 031/18 |
| KS | 28.06.2018 | Kulturvernforvaltar i verdsarvområdet - finansiering av stilling | 18/4841 | 032/18 |
| KS | 28.06.2018 | Møteplan 2. halvår 2018 - kommunestyret, formannskapet, planutvalet | 18/4653 | 033/18 |
| KS | 28.06.2018 | Tilpassing til lovendring i eigedomsskattelova frå 2019 og val av nytt utskrivingsalternativ | 18/5561 | 034/18 |
| KS | 28.06.2018 | Stad skipstunell og KS 2 | 18/5540 | 035/18 |
| KS | 13.09.2018 | Godkjenning av møtebok | 18/6673 | 036/18 |
| KS | 13.09.2018 | Referatsaker | 18/6885 | 037/18 |
| KS | 13.09.2018 | Reguleringsplan Berge massedeponi og rigg - Klagehandsaming | 18/2005 | 038/18 |
| KS | 13.09.2018 | Opptak startlån 2018 | 18/6395 | 039/18 |
| KS | 13.09.2018 | Verdsarvfjordane - forslag til forskrift om endring av forskrift om miljømessig sikkerheit for skip og flyttbare innretninger | 18/6398 | 040/18 |
| KS | 13.09.2018 | Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra AS | 18/6435 | 041/18 |
| KS | 13.09.2018 | Sal av aksjar i Vitafjord AS | 18/6567 | 042/18 |
| KS | 13.09.2018 | Endring av mandat til fellesnemnda | 18/6919 | 043/18 |
| KS | 25.10.2018 | Godkjenning av møtebok | 18/7444 | 044/18 |
| KS | 25.10.2018 | Referatsaker | 18/8029 | 045/18 |
| KS | 25.10.2018 | Dekking av diverse utgifter frå avsettingar i næringsfondet | 18/7222 | 046/18 |
| KS | 25.10.2018 | Linge busshaldeplass-finansiering | 18/7212 | 047/18 |
| KS | 25.10.2018 | Finansrapport 2. tertial 2018 | 18/7586 | 048/18 |
| KS | 25.10.2018 | Tertialrapport pr. 2. tertial 2018 | 18/7697 | 049/18 |
| KS | 13.12.2018 | Godkjenning av møtebok | 18/8773 | 050/18 |
| KS | 13.12.2018 | Suppleringsval - Stiftinga Severinbrauta | 18/8723 | 051/18 |
| KS | 13.12.2018 | Møteplan 1. halvår 2019 for kommunestyret, formannskapet, planutvalet | 18/8615 | 052/18 |
| KS | 13.12.2018 | Betingingssatsar 2019 | 18/8394 | 053/18 |
| KS | 13.12.2018 | Budsjett 2019 - Økonomiplan 2020 - 2022 | 18/8699 | 054/18 |
| KS | 13.12.2018 | Velferdstiltak tilsette 2018 | 18/9388 | 055/18 |

